



Senter for internasjonalisering av utdanning
Postboks 1093
5809 BERGEN

Dato: 09.03.2015
Vår ref.: 2014/24696-2
Saksbehandlar: berroks
Dykkar ref.:

Søknad om godkjenning av studieopphald ved Scandinavian School of Brussels med støtte frå Lånekassen

Hordaland fylkeskommune søker med dette om godkjenning av studieopphald med støtte frå Lånekassen for elevar på Vg2 studiespesialiserande og 2-IB elevar ved Bergen Katedralskole frå skuleåret 2015 - 2016.

Bergen Katedralskole fekk i fylkesutvalet i Hordaland 29. januar 2015 godkjenning til å samarbeide med Scandinavian School of Brussels frå skuleåret 2015 – 2016. Bergen Katedralskole ønskjer å gje eit tilbod om utanlandsopphald for ei gruppe elevar på Vg2 studiespesialiserande og for 2-IB elevar. Frå skuleåret 2015 - 2016 ønskjer skulen å gje tilbod til elevar på studiespesialiserande og IB-linja om å ta det andre studieåret ved Scandinavian School of Brussels. Bergen Katedralskole ser føre seg at IB-elevane skal følgje ordinært IB-Diploma tilbod ved Scandinavian School of Brussels medan elevane på studiespesialiserande vil følgje andre året på svensk gymnasium ved same skule.

Bergen Katedralskole ønskjer etter kvart å utvikle tilbodet til også å gjelde skular i Tyskland og Storbritannia. I Norden ser skulen på moglegheiter på Island og i Finland. Skulen ønskjer med dette på sikt å kunne tilby elevane ei europeisk eller ei nordisk utveksling.

For elevane som går på IB-linja, vil det ikkje vere nokon skilnad når det gjeld innhaldet i undervisninga, då læreplanane for IB er dei same ved alle skular som har dette tilbodet. Elevar som begynner på andre året ved svensk gymnasium ved Scandinavian School of Brussels, kan velje mellom programområdet realfag eller programområdet språk, samfunnsfag og økonomi. Elevane vil få undervisning i norsk ved skulen i Belgia og vil kunne oppfylle kravet til norsk i Vg2. Etter fullført og godkjent skuleår i Belgia vil elevane gå vidare til Vg3 i Norge. Elevane som fullfører 2-IB ved Scandinavian School of Brussels, går vidare til 3-IB på Bergen Katedralskole. Elevane skal bu på internat på skulen i Belgia.

Elevane som får dette tilbodet, vil skaffe seg ei verdifull internasjonal erfaring og følgjer fylkeskommunen si internasjonale satsing med «å bidra til at ungdom får internasjonal kompetanse, erfaring og medansvar.» I studieopplegget er det lagt inn besøk til dei internasjonale politiske institusjonane i Brussel samt ekskursjonar til historiske stader som Ypres og Waterloo.

Linda Farestveit
seksjonsleiar

Berit Roksvåg
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.